Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 5.

Fylke: Østfold

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Glemmen

Emne: Vannbæring

Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Kolltveit

Gard:

(adresse): Solheimsvn 25, Fredrikstad

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, ein hev bore - og mange ber ennå - med vassåk og to bøttor. Det blir og blei brukt ei type som kvilde på båe akslene og med ei utholing for halsen på midten av åket. Den andre typen av åk som gjekk meir på skrå, blei nok brukt før, men svært sjeldan. Nå blir det brukt jernlenke med jern-krokar i. Før brukte dei ofte lærreimar. Ingen kann fortelja om at dei hev brukt vidjer til det.

2. Visstnok ikkje nokon gong hev dei frakta heim vatn på den måten, men brukt hest når dei skulle ha større meng-der.

3. Å setja vasskaret på ski kjenner dei ikkje til.

4. Som regel kona, men elles og andre som det falle seg.

5. Det vert praktisert den dag i dag, også i dei tettbygde stroka her, der dei ikkje hev innlagt vatn, men må henta frå ein spring eller brønn i nærleiken. På dei fleste bruk er det lagt inn vatn no,

2

men enno funt det staden der di ber vatnet. Er vatnet lagt inn på ein gard, so er det som oftast både i kjøken og fjøs og stall. Der di må bera det, er det ikkji nokon laug veg på jamnan og då greider di seg med bering.

800

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING